



## Ny 132kV – kraftledning Kjønnegard – Myrkdalen.

Nyhende frå Voss Energi Nett AS

September 2019

### Status


Olje – og energidepartementet (OED) har gitt Voss Energi NETT AS konsesjon til å byggja ein ny 132kV – kraftledning mellom Kjønnegard og Myrkdalen i Voss Kommune.

*Myrkdalen Fjellandsby er i dag forsynt gjennom ein 22kV-kraftledning. På kalde vinterdagar med høg aktivitet, er kapasiteten på denne ledningen nær det maksimale av kva som kan oppretthalda ei tilfredstillande energiforsyning. I tillegg er det planlagt ytterlegare vekst i fritidsbustader og næringsaktivitet i området, som gir auka forbruk. Voss Energi NETT såg difor behov for å auka overføringskapasiteten og søkte og fekk konsesjon av NVE til ny kraftledning.*

Voss Energi NETT AS har områdekonsesjon i Voss Kommune og dermed tilknytingsplikt til dei som treng kapasitet til næringsverksemd og andre som treng straum.

Den 29.august 2019 fekk Voss Energi NETT AS endeleg konsesjonsvedtak frå OED. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

Kart syner trase for ny kraftledning.



### Vidare prosess

Det vil no framover bli gjennomført skjønn på strekninga/traseen for å avklara erstatning til berørte grunneigarar.

Voss Energi NETT AS håpar på ein konstruktiv og god dialog med alle berørte partar. Alle er hjarteleg velkomne til å ta kontakt med oss dersom det er spørsmål i tilknytning til dette.

Me vil så godt me kan prøva å gjennomføra prosjektet best mogleg og i samsvar me planane gitt i konsesjonsvedtaket.

Spørsmål om og rundt bygging av ny 132kV - kraftledning frå Kjønnegard og til Myrkdalen, ver venleg ta kontakt med Stein – Åge Øren, mob. 952 00 882, eller e-post: [stein-aage.oeren@vossenergi.no](mailto:stein-aage.oeren@vossenergi.no)